



ROVVILTNEMNDEN I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:
2013/886

Arkivnr.:
433.52

Dato:
12.03.2013

Innkalling til møte i rovviltnemnda 20.03.2013

Det blir møte i rovviltnemnda på Statens Hus i Stavanger 20.03.2013 kl 09.00. Som vanleg blir det høve for organisasjonane å legge fram innspel til nemnda, dersom det er ønske om det. Opp mot 30 min. blir sett av etter lunsj frå 12.15 til organisasjonane før ordinært møte startar opp igjen.

Sakliste:

01/13: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2013. Driftsbudjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

02/13: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2013. Kommunikasjon med DN om eventuelle ekstraordinære uttak ?

03/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltingsmål.

04/13: Revisjon av forvaltingsplan for region 1. Handsaming av forslag frå sekretariatet før utsending på høyring.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Kopi pr epost m/vedlegg:

- Fylkesmennene i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Merethe Støfring, Sogn og Fjordane Bondelag
- Birger Aasland, her
- Anita Bjørsvik, her

Vedlegg:

- Saksframlegg frå sekretariatet
- Rapportar om bruk av midler til FKT frå fylka i regionen
- Søknadar og prioriteringar for 2013 frå fylka i regionen
- Utkast til revidert forvaltingsplan
- Brev frå DN av 05.03.2013

Adresseliste rovviltnemnda pr epost:

- Noralv Distad, noralv.distad@sfj.no
- Marit Barsnes Krogsæter, marit.krogsater@sfj.no
- Sveinung Valle, Sve-vall@online.no
- Oddny Omdal, Odd-omda@online.no
- Sveinung Stensland, sveinung.stensland@rogfk.no
- Nils P. Støyva, nils.p.stoyva@sfj.no
- Jenny Følling, Jenny.folling@sfj.no
- Benthe Bondhus, benth-bo@knett.no
- Benjamin Grønvold, bgr@politiker.vaf.no
- Inghild Vanglo, inghild.vanglo@eigersund.kommune.no

Saksframlegg frå sekretariatet

01/13: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2013. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

Saksopplysningar

DN har gitt ei planleggingsramme for region 1 på kr 750 000,- frå kap 1427.73 i 2013, jf brev av 05.03.2013. Denne posten skal nyttast til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak (FKT) i regionen. I tillegg har Region 1 ei ramme på kr 450 000,- til løn og drift av nemnda, evt. vakttelefon og kompensasjon for av sekretariatet (1427.21). Det er også avsett eit beløp til kjøp av tenester på kr 350 000 på 1427.21 i tillegg.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak føreset at alle søknadar nyttar elektronisk søknadssenter, og at dei er innsendte innan fristen 15.02.2013. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av nytta tilskot. Alle søknadar er i år fremma gjennom søknadssenteret:

Fylkesmannen i **Vest-Agder** har fått søknadar på 9 tiltak, til saman kr 734 000 (sjå vedlegg). Fylkesmannen vil prioritere 3 prosjekt til saman kr 138 000,-. Med prioritet 2 som bør vurderast er beløpet oppe i 378 000,-. Reserve til akutte tiltak og bruk av skadefellingslag er ikkje rekna med i dette.

Fylkesmannen i **Sogn og Fjordane** har mottatt 5 søknadar på til saman 377 000,-. Jamfør fylkesmannen er alle søknadane relevante, og ved redusert ramme vil tilskota pr søknad bli redusert. Fylkesmannen ber om 100 000,- til reserve til akutte tiltak.

Fylkesmannen i **Hordaland** har fått 1 søknad på 47 000,-. Han foreslår ei ramme på til saman 70 000,- i år.

Fylkesmannen i **Rogaland** har og fått 1 søknad i år på kr 115 000,-. I tillegg er det allereie nytta kr 90 000,- til skadefellingsforsøk på jerv i år i samråd med leiar i nemnda. Fylkesmannen meiner søknaden frå fellingslaget kan reduserast, og vil prioritere reservemidlar.

DN gjer spesielt merksam på at rovviltnemndene må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Det gjeld både behov for førebyggjande tiltak som t.d. tidleg nedsanking og kostnadar knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksette skadefelling etter 1. juni.

Rapport 1427.73 frå 2012

Tabellen under syner budsjettet for 2012 etter omdisponering av ramma for 1427.73 på hausten, til saman 1 mill. Inkludert i budsjettet for Rogaland er utgifter til drift av nemnda på ca kr 86 000,-. Sjå vedlegg frå fylkesmennene for detaljert rapportering.

	Kap/post	Budsjett 2012	Bruk 2012
FKT Sogn og Fjordane	1427.73	350 000	350 000
FKT Vest-Agder	1427.73	222 000	222 000
FKT Hordaland	1427.73	50 000	40 000

FKT Rogaland	1427.73	378 000	351 500
Lønn rovviltnemnd	1427.21	120 000	39 000
Kompensasjon sekretariat	1427.21	180 000	261 000

Vurdering og grunngjeving

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til *førebyggande og konfliktdempande tiltak* til fylkesmennene i regionen (1427.73) og gje føringar for bruken til fylkesmennene jf ”Regelverk for tilskudd til forebyggende og konfliktdempende tiltak i forhold til rovviltskader” (01.01.2013). Kap 8.4 i forvaltingsplanen for Region 1, ”Førebyggande og konfliktdempande tiltak”, vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Rovviltnemnda har vedteke rapporteringsfrist for bruken av tilskotsmidla: Frå fylkesmennene til DN og rovviltnemnda innan 15. januar 2013. Innhaldet i rapportane bør leggest til grunn ved fordeling av og bruken av rammetilskotet.

Ramma for tilskot til FKT er redusert frå 880 000 (etter at drift til nemnda er trukke frå) i 2012 til kr 750 000,- i år.

Framlegget til vedtak er basert på søknadar om tilskot til fylkesmennene, innrapporterte behov frå fylkesmennene, og kunnskap om rovviltførekomst og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgifter 1427.21 på rovviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2012 og stipulert behov i 2013.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefelling og for behov for tilskot til akutte tiltak. Slike summar er vanskelege å budsjettera med og ligg inne som ”reserve” i tabellen under.

I elektronisk søknadssenter er det søknadar for kr 1273 000,- i region 1 for 2013. I tillegg er det allereie nytta 90 000, og det skal avsettast midler til akutte behov. Det betyr at einskilde prosjekt må nedprioriterast. Fylkesmennene har i utgangspunktet gjort ei viss prioritering.

Vi rår nemnda til å i hovudsak følgje fylkesmennene sine prioriteringar, og til å gje tilstrekkeleg ramme for reservemidlar i utsette fylke. Vi vil spesielt peike på at det ikkje er høve til å gje tilskot til reine tilsynsprosjekt. Vi meiner og det ikkje er høve til å gje tilskot til løn eller uspesifiserte utgifter til skadefellingslag utanom pågåande fellingssituasjonar. Vi rår og til at fylkesmennene kan omdisponere restmidlar til akutte tiltak dersom søknadar blir avslått eller får reduserte tilskot.

Nytt i år er at alle utgifter til nemnda skal dekkast av 1427.21 *Drift av nemnder og sekretariat*. I tillegg skal kompensasjon for sekretariatet og vaktordning dekkast innafor denne ramma, kr 450 000,-. Sekretariatet foreslår kr 198 000 til drift og løn til nemnda, kr 102 000,- til vaktordning for kvar av fylkesmennene i beitesesongen (kr 1700 pr uke i 15 veker), og kr 150 000 som kompensasjon til sekretariatet.

Dessutan er det oppretta ein ny post, 1427.21 *Tenestekjøp*, som skal dekke utgifter til forskning og utgreiing i regi av nemnda eller fylkesmenn. Det vil seie prosjekt som ikkje kan definerast som tilskot. Dette gjev samtidig klårsignal til at nemnda kan iverksette eigne tiltak på tvers av fylka. Vi er usikre på korleis den nye posten bør disponerast. Det er kome innspel til forvaltingsplanen om kunnskapsoppbygging om kongeørn, t.d. som predator på lam, men så langt er det ikkje utarbeidd projektskisser til dette. Det kan og tenkast andre bestillingar frå

fylkesmenn og frå nemnda. På den andre sida er FKT-budsjettet avkorta i høve til i fjor, trass signal frå fylkesmennene og andre om trong for større budsjett. Det er kanskje rett å sjå på om nokon høgt prioriterte FKT-søknadar kan omgjerast til kjøp av tenester. Vi foreslår at noko av dette fordelast mellom fylka til fylkesvise kjøp. Tildelinga til Rogaland synleggjer ramma som nemnda kan nytte til tiltak i regi av nemnda. Vi foreslår at delar av dette blir nytta til oppstart av prosjekt for å auke kunnskapen om kongeørn som skadegjerar på lam.

Vårt framlegg til vedtak gjev denne fordelinga mellom fylka:

	1427.73	1427.21 tenestekjøp	1427.21 drift og løn
FM Sogn og Fjordane	330 000	100 000	25 500
FM Vest-Agder	240 000	100 000	25 500
FM Hordaland	40 000		25 500
FM Rogaland	140 000	150 000	373 500
Til saman	750 000	350 000	450 000

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda på dette viset for 2013:

Tilskot FKT	Kap/post	Tilskot etter søknad	Akutte tiltak
FM Sogn og Fjordane	1427.73	230 000	100 000
FM Vest-Agder	1427.73	140 000	100 000
FM Hordaland	1427.73	30 000	10 000
FM Rogaland	1427.73	20 000	120 000*

* 90 000 er allereie belasta utgifter

	Kap/post	Tenestekjøp	Løn og drift nemnda	Kompensasjon sekretariat	Vaktordning
FM Sogn og Fjordane	1427.21	100 000			25 500
FM Vest-Agder	1427.21	100 000			25 500
FM Hordaland	1427.21				25 500
FM Rogaland	1427.21	150 000	198 000	150 000	25 500

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket. Frigjorte beløp som følgje av avslag eller reduserte tilskot til søknadar er reserver til akutte tiltak.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikkje nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf rovviltforskrifta §§9 og 9a.
5. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.
6. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8).
7. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempjande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.
8. Tildelinga på 1427.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggjande og konfliktdempjande tiltak.
9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.
10. Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.
11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2012. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsredujerande eller konfliktdempjande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2012 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

02/13: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2013. Kommunikasjon med DN om eventuelle ekstraordinære uttak ?

03/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltningsmål.

Sekretariatet legg fram forslag til brev fra rovviltnemnda til MD med kopi til DN:

Forslag om forenklet forvaltning av jerv og gaupe i region 1

I forbindelse med konstituering av nye nemnder er vi i gang med revisjon av forvaltningsplanen for region 1. Med bakgrunn i de erfaringene vi har siden 2005 vil vi foreslå endringer i forvaltningsregimet for jerv og gaupe for regioner uten forvaltningsmål for disse artene: 1) Innføre mulighet for kvotefri lisensfelling, 2) Tydeliggjøre muligheten for kvotefri jakt på gaupe og 3) Innføre mulighet for å gi fylkesmannen fri kvote for skadefelling. Alle forslagene krever endringer i rovviltforskriften.

Bakgrunn jerv

Med forbehold om at vi kan ha oversett noe, ser tallene for vår region slik ut når det gjelder lisensfelling på jerv:

Lisensfelling jerv	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
<i>Kvoteinnstilling fra sekretariatet</i>	3-4	4	4	5	5	5	3	3
<i>Vedtak i nemnda</i>	3	6	4	9	6	6	5	5
<i>Felte jerv</i>	2	0	0	0	0	1	0	0

Tilsvarende kvote- og fellingstall når det gjelder skadefelling av jerv:

Skadefelling jerv	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
<i>Kvoteinnstilling fra sekretariatet</i>		4	2	4	6	4	5	4
<i>Vedtak i nemnda</i>		4	4	4	6	4	5	6
<i>Felt i ordinær skadefelling</i>		0	0	0	0	0	0	0
<i>Ekstraordinær felling-SNO, inkl. hiuttak</i>		2	6	2	11	5	1	6

Lisensfelling er et hovedgrep i regjeringens rovviltpolitikk for å regulere bestandene. Til tross for romslige kvoter er det så langt felt svært få jerv av lisensjegere i vår region. Årsaken er vanskelig terreng og værforhold.

Vi ser at vedtatt betinget kvote for skadefelling som kan benyttes av fylkesmennene i perioden 1. juni til 15. februar heller ikke har gitt uttelling. En del av forklaringen er nok at fylkesmennene fram til nå stort sett har gitt skadefellingsløyver i barmarkssesongen. Stort sett alle uttak i regionen har vært i Sogn og Fjordane i regi av SNO etter vedtak om ekstraordinær skadefelling av DN. Etablering av skadefellingslag og en mer liberal holdning til å utløse skadefellingsløyver etter beitesesongen som følge av rovviltforliket i 2011 kan tenkes å føre til noe økt effekt av ordinære skadefellingsvedtak. Forsøk på felling av jerv på etterjulsvinteren i år i Rogaland gav imidlertid ikke resultat.

Bakgrunn gaupe

Lisensfelling av gaupe har så langt ikke vært aktuelt som alternativ eller tillegg til jakt etter forskriften §11. I alle år siden 2005 har rovviltnemnda i region 1 videreført en etablert praksis om å vedta kvotefri jakt. Denne hjemmelen går ikke fram av forskriften, men finnes gjemt i kommentarene til kongelig resolusjon fra 2005. Avskytingen av gaupe har gjennomgående vært lav i perioden.

Rovviltnemnda har årlig vedtatt kvote for betinget skadefelling av gaupe. Det har aldri skjedd at kvoten har vært begrensende for skadefellinger.

Vurdering

Med bakgrunn i opplysningene over er det lett å se at fellingskvoter på jerv og gaupe har vært og sannsynligvis fremdeles vil bli meningsløst i vår region. Det ligger mye arbeid bak kvotefastsettelsen og det avstedkommer en god del konflikt, som for eksempel diskusjoner om bestandsstørrelse for jerv. Vi mener dette er unødig ressursbruk, særlig i en region uten etablert bestand der antall jerv vil variere ganske mye gjennom en fellingsperiode. I praksis blir det lagt til rette for at all jerv i vår region kan tas ut, og regimet med kvotefastsettelse bidrar kun til en tilsløring av dette. Det er ikke like stor konflikt rundt gaupe, men heller ikke her er kvotestørrelsen begrensende for bruk av skadefellingsløyver og uttak.

I rovviltforliket fra 2011 går det fram at det er ønskelig å ta ut resterende lisensfellingskvote på skadefellingsvedtak. For jerv betyr det økt press på DN i forhold til ekstraordinære uttak av i praksis hele kvoten fra 15. februar til 1. juni. Uten forvaltningsmål for en såpass konfliktfull art som jerv, blir det i praksis slik at rovviltnemnda først og fremst er motivert av å sikre muligheten for å kunne ta ut eksisterende jerv i fellingsperioden. Vedtatt kvotestørrelse er neppe et uttrykk for å sikre seg mot for stor belastning av jervebestanden. Restkvote etter lisensfellingsperioden er derfor etter vår oppfatning lite egnet som kriterium for en nasjonal prioritering av ekstraordinære uttak.

Kvoten for betinga skadefelling er også såpass høy at den i realiteten aldri er noen begrensning for fylkesmennene. Rovviltnemnda har alltid myndighet til å fastsette kvote i region 1. Det ligger implisitt i §7 at det er rovviltnemnda som før vedtak vurderer kvoten i forhold til naturmangfoldloven kap II, inkludert §5, forvaltningsmålet for arter. Fylkesmannen skal derfor bare vurdere i hovedsak skadepotensialet og de konkrete forholdene på skadestedet før vedtak om skadefelling (jf rovviltforskriften §9). Dersom fylkesmannen får myndigheten til å avgjøre skadefelling uten kvotebegrensning betyr det både en rasjonaliseringsgevinst for forvaltningen, og dessuten en mer samla begrunnelse for vedtaket, der også vurderinger etter naturmangfoldloven kap II ligger inne. Det gir en mer oversiktlig, samlet og oppdatert begrunnelse for vedtak.

Kravet om avlønning av kommunale fellingslag begrenser tallet på skadefellingsløyver. Fellingslag er etablert i 3 av våre 4 fylker, og de vil erfaringsvis bli brukt ved vedtak om skadefelling. Midlene til lønn tas fra den samlede rammen for drift av rovviltnemnda og FKT-tiltak i regionen, og de er av begrenset størrelse pr år.

Til tross for status som sårbar på Norsk rødliste (Artsdatabanken 2010) er det gitt mulighet for ordinær jakt på gaupe. Det vil si at arten i utgangspunktet er vurdert slik at felling ikke behøver å være hjemlet i unntaksbestemmelser, - så lenge uttaket er kvotebegrenset. Så er virkeligheten likevel slik at i store deler av landet, - i prioriterte beiteområder, er det mulig å fastsette kvotefri jakt. Vi mener det er rett overfor allmenheten at denne muligheten blir tydeliggjort i forskriften, for eksempel i samsvar med forslaget under.

Vi ser at ikke at vårt forslag får store konsekvenser utover vår region. Alle andre regioner har nasjonale bestandsmål for gaupe. Det er en konsekvens av forslaget under at muligheten for å fastsette kvotefri jakt i prioriterte beiteområder blir tatt ut for regioner med nasjonale bestandsmål. Ved siden av vår region det bare regionene 2 og 4 som ikke har nasjonale bestandsmål for jerv. Forekomstene av jerv der er helt marginale.

Forslag

Vi foreslår følgende endringer i rovviltforskriften:

Ny §7a Vedtak om kvotefri felling av jerv og gaupe

I regioner uten bestandsmål for jerv og gaupe kan rovviltnemnden fatte vedtak om kvotefri felling av jerv og gaupe. Reglene i forskriften §§ 8, 10 og 11 gjelder tilsvarende.

Når rovviltnemnden har vedtatt kvotefri felling etter 1. ledd kan fylkesmannen vedta skadefelling uten hensyn til kvote i samsvar med forskriften §9, 2. og 3. ledd. Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det i tillegg til forskriften §9 legges vekt på bestandens overlevelsessevne på lang sikt.

04/13: Revisjon av forvaltingsplan for region 1. Handsaming av forslag frå sekretariatet før utsending på høyring.

Saksopplysningar

Forvaltingsplanen for rovvilt skal reviderast minst ein gong kvart fjerde år. Dette arbeidet starta opp på siste møte i nemnda 30.08.2012, jf sak 15/12. Utgangspunktet etter møtet var at sekretariatet skulle utarbeide eit utkast til handsaming på møte i januar i år. Dette møtet blei avlyst og saka utsett til dette møtet. Allereie i fjor sommar bad vi om innspel til revisjonsprosessen.

Vi ber om at rovviltnemnda går gjennom vedlagt utkast til plan på møtet slik at den kan sendast ut på høyring så snart som råd.

Vurdering

I tabellen under er dei viktigaste innspela vi har mottatt fram til no. Vi har mottatt innspel frå alle fylkeslaga av Sau og geit/Bondelaget (felles brev), frå Rogaland Sau og geit og frå Fylkesmannen i Vest-Agder. Vi syner og til vårt saksframlegg til sak 14/12. I tillegg har vi mottatt innspel frå fylkesmennene i regionen etter ei intern høyring.

Dei einskilde forslaga er ikkje lagt inn i tabellen, av omsyn til oversikten, men vi har forsøkt å gruppere innspela i større bolkar.

Innspel	kommentar
Planen er for omfattande. Generell informasjon bør reduserast av omsyn til oversikt. Meir fokus på rovviltproblematikk i region 1.	Forslaget er korta noko inn. Likevel viktig at planen inneheld relevant bakgrunnskunnskap. Tydeleggjort skilje mellom informasjon - og policydel. Utdjuping av informasjon om region 1 som er viktig for gjennomføring av planen.
Fleire forslag om å legge inn mål for sauehald, forslag om regelendringar, påverking av forvaltningssystemet og å legge inn erstatningsordninga i planen.	Forvaltingsplanen skal vere eit reidskap for rovviltforvaltning innafor det nasjonale regelverket, og slike innspel er difor ikkje aktuelle. Erstatningsordninga er ikkje del av planen.
Innspill om nye føresetnader i rovviltpolitikken, oppdatering av statistikk og tal.	Innarbeidd i utkastet.
Forslag om at nemnda initierer eigne prosjekt, t.d. for å styrke kunnskapen om kongeørn som skadevaldar	Innarbeidd i utkastet.
Synleggjere uttak av jerv fordelt på ulike formar for felling	Innarbeidd i utkastet.
Innarbeide kriteriar for skadefelling av kongeørn	Lite rom for forvaltning utanom skadefelling. Usikker på om det er råd å definere generelle kriteriar.
Informasjon og medverking: Forslag om eigen heimeside for rovviltnemnda, ope møte, oppretting av epostliste.	Heimeside er så langt ikkje vurdert; etter kost – nyttevurdering: ressurskrevjande å utarbeide og oppdatere med høg nok kvalitet Møta skal som før vere opne, men utan

	talerett i formelt møte i nemnda. Epostliste tatt inn i utkastet.
Meir liberal haldning til lisensfelling av ulv og skadefelling utanom beitesesongen	Planen gjev opning for lisensfelling, men bør vurderast opp mot skadefelling retta mot einskilde individ. Ein bør ha DNA-kontroll på dyr som skal fellast etter beitesesongen, og ta høgde for at ulvar kan returnere austover på vinteren. Tatt inn tabell som syner ulike karakteristika for skadefelling og lisensfelling.
Lisensfelling av jerv er lite eigna fellingsform. SNO må fortsette ekstraordinære uttak	Lisensfelling skal vere eit hovudgrep for bestandsreduksjon. Kurs- og motiverande tiltak også aktuelt i region 1. DN skal i samarbeid med nemnda vurdere uttak etter 15.02.
Fleire forslag om mål- og strategiformuleringar	I utkastet har vi tatt ut alle målformuleringar så nær som ein overordna. I teksten til kap 8 går det fram kva prioriteringar som gjeld, oppgåver og policy elles.
Meir utfyllande om skadefellingslaga og fylkesvise kontaktutval i planen	Dette er sentrale støttespelarar i rovviltforvaltinga. Noko meir tekst er tatt inn.

Framlegg til vedtak

Rovviltnemnda vedtar å sende ut vedlagt framlegg til forvaltingsplan for rovvilt på høyring. Høyringsperioden blir sett til minst 4 veker etter utsending.